Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Nissedal

Emne: Vatsforsyning | Bygdelag: Treungen

Oppskr. av: Fru Tone Aarak | Gard: Aarak (Aarak

(adresse): Treungen st. Telemark | G.nr. 32 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1-2: Dei brukte å bera i bøtter frå brunnen, eller også bar to i ein så av tre med to øyre. Beretreet var ei passeleg stang med ein ledeleg tverstav gjennom øyro på såen. Dei kalla det for såstre, somme stavr. Eg såg det i min barndom 50-60 år siden. Hak såg eg aldri. Ein auste vel med bøtte eller ause. Brukte også å bera høyse til byrne med same måten, og klede som var våte og skulle hengjast opp bar dei og slik. Karet eller såen tok eit kvartel - ei fjerdedels tønne.

3: Some brukte ein mei, skreiemei, til såen. Den

4: var som eit tykt ski. Det var vel helst tenestjenter som kunte vatn - eller nokon av husfolket, kona kanskje.

5: Her på gardane er springvatn så lenge eg kan minnast. Some har elektrisk pumpe no.

6: I sumar måtte dei køyre vatn frå Nisser.

7: På gardane er innlagt vatn. På småbruk og stogor er ikkje alle så vel stelde. Dei ber vatn i bøtter.

Då eg har vore sjuk, har dette blitt liggande så lenge. T. Aa.

830

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING